



Arkivnr: 2016/9963-16
Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		17.01.2018
Fylkesutvalet		01.02.2018

Sunnhordland Ferjerederi AS u.s, søknad om ruteløyve for ferjedrift

Samandrag

Sunnhordland Ferjerederi AS u.s har søkt om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik. Fylkesutvalet handsama saka i mars 2017. Utvalet utsette å realitetshandsama saka i det ein ba om at det vart innhenta nye opplysningar. Samferdselsdepartementet har no uttala seg til saka, og legg til grunn at fylkeskommunen i utgangspunktet må tildela ruteløyve for kommersiell rutedrift dersom vilkåra for det er til stades. I denne saka er ikkje vilkåra om tilgjengelege ferjekaiar/oppstillingsplassar til stades, og fylkesrådmannen finn difor at spørsmålet om tildeling av ruteløyve må utstå til søkjaren eventuelt har fått etablert turvande infrastruktur på Sunde og i Jektevik som ikkje hindrar fylkeskommunen i sin bruk av kaiområda.

Økonomi: Innstillinga får ingen økonomiske fylgjer.

Klima: Innstillinga får ingen klimafylgjer.

Folkehelse: Innstillinga får ingen fylgjer for folkehelsa

Regional planstrategi: Innstillinga får ingen planstrategiske fylgjer.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna tildela ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik til Sunnhordland Ferjerederi AS u.s, i det ein syner til at ferjekaiane/oppstillingsplassane på Sunde og Jektevik vert nytta til fylkeskommunale kollektivføremål

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Sunnhordland Ferjeselskap AS - søknad om ruteløyve
- 2 Ruteløyve for privat ferjedrift, brev til Samferdselsdepartementet
- 3 Ruteløyve for privat ferjedrift, brev frå Samferdselsdepartementet

Fylkesrådmannen, 11.12.2017

Innleiing

På møte i fylkesutvalet den 30. mars 2017 vart søknad frå Sunnhordland Ferjerederi AS u.s (SFUS) om løyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik (vedlagt) handsama. Fylkesrådmannen innstilte på å avslå søknaden. Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak:

Saka vert utsett til eit seinare møte.

Fylkesutvalet ønskjer meir informasjon om praktisering av regelverket.

Bakgrunnen for vedtaket er at utvalet ynskde informasjon om fylkeskommunen står fritt til å avslå søknaden, særleg etter samferdselsdepartementet sin tilbakemelding til Forsand kommune i samband med at det er interesse for å halda fram ferjedrifta over Høgsfjorden, på kommersiell basis, når Ryfast opnar.

Fylkeskommunen tilskreiv samferdselsdepartementet (vedlagt) og ba om klårgjering av regelverket på området. I brev av 04.07.2017 (vedlagt) gjer departementet greie for kva som er gjeldande retningslinjer når det vert søkt om løyve for kommersiell ferjedrift.

Departementet sine vurderingar

Departementet peikar på tre lovområde som innverkar på saka; Yrkestransportlova, Veglova og Havne- og farvannslova. Yrkestransportlova regulerar tildeling og drift av ulike transportløyve. Yrkestransportlova med føresegner er det lovverket som til vanleg vert lagt til grunn ved handsaming av løyvesøknader.

Departementet peikar på at *lov om fri utveksling av tenesteytelser innen sjøtransport* også må leggjast til grunn i vurderinga av søknaden. Denne lova gjennomfører ei rådsforordning som sler fast at det gjeld ei fri utveksling av tenesteyting innan sjøtransport i statar som er tilslutta det europeiske og økonomiske samarbeidsområdet. Iflj. departementet heimlar lova ein rett til å yta sjøtransporttenester i landet, og etter departementet si vurdering skal det; *"- sær s mykje til for å kunne gje eit selskap som soker om rutettransport for passasjerar avslag –"*. Etter departementet si vurdering er det ikkje relevant å leggja vekt på forhold som etablering av Halsnøysambandet og økonomien i dette, og omleggjinga av ferjedrifta i området. Dersom fylkeskommunen ikkje fylgjer regelverket kan ein verta stevna for brot på EØS-avtalen.

I fylgje veglova er ferjekaiar offentleg veg, i dette høve fylkesveg. Departementet uttalar fylgjande om tilgongen til offentlege vegar.

«Etter veglovgevinga gjeld det som utgangspunkt eit prinsipp om at dei offentlege vegane skal vere opne for allmenn ferdsel – vegar som ikkje er opne for allmenn ferdsel, skal bli omklassifisert eller lagt ned etter føresegnene i lovas kapittel 1. Myndighetene kan såleis ikkje nekte private og næringsdrivande ferdsel på dei offentlege vegane med mindre det ligg føre eit særskilt grunnlag».

Tilgongen til hamner (inkl. ferjekaiar) er regulert av havne- og farvannslova. I lova heiter det m.a.

§ 39. Adgang til å benytte havn

Eiere og operatører av havner og havneterminaler har plikt til å motta fartøy i det omfang plassforholdene tillater det, og fartøyet ikke er til urimelig fortrengsel for eierens behov for egen bruk av havnen eller andre som er sikret rett til å bruke havnen. Eiere og operatører av havner og havneterminaler kan fastsette begrensninger i adgangen til å anløpe havn, av hensyn til sikkerhet, miljø og fiskerinæringen.

Havne- og farvannslova seier vidare at eigaren av hamna har ansvar for å syta for at drifta av hamna tek omsyn til tryggleiken for liv og helse, og at hamna vert drifta og halde vedlike slik at behova til brukarane vert dekte på ein sikker og trygg måte. Havne- og farvannslova har ikkje bestemmelsar som pålegg eigaren å byggja ut hamna som fylgje av auka etterspurnad etter hamneareal. I tilknytning til dette skriv departementet:

«Eit slikt behov fell under virkeområdet til plan- og bygningslova og er ein del av ansvaret til planmyndighetene å vurdere om skal bli tatt inn i dei ulike planane etter lova.

Myndigheita til å vurdere nærare om tilhøva ligg til rette for bruken av ferjekai etter havne- og farvannslova er lagt til eigaren av hamna det gjeld.»

Fylkesrådmannen sine kommentarar

I saka om ruteløyve til Sunnhordland Ferjerederi AS u.s vart det i fylkesrådmannen si saksutgreiing trekt fram fleire tilhøve som gjer det vanskeleg å tildela eit nytt ruteløyve for ferjedrift i dette området. Det vart peika på at dei økonomiske og driftsmessige føresetnadane som ligg i søknaden neppe gjer det mogeleg å drifta sambandet utan tilskot. Etter at det førre saksframlegget vart lagt fram, kom SFUS med kommentarar til saksframlegget. Når det gjeld det økonomiske spørsmålet så er SFUS ikkje samde i dei vurderingane som vart gjort i saka, og legg til at dette uansett er selskapet sin risiko. Etter fylkesrådmannen si vurdering er det løyveforvaltaren sitt ansvar å sjå til at den som får tildelt eit ruteløyve for å driva rutetransport i fylket har eit økonomisk fundament som sikrar drifta over tid. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dette er dokumentert. Når fylkeskommunen legg ut ruter/rutepakkar på anbod, må anbydarane dokumentera den økonomiske statusen samt stilla driftsgarantiar.

Fylkesrådmannen peika og på at økonomien i Halsnøysambandet kan bli vesentleg svekka viss ein opnar for ferjedrift frå Sunde, med dei fylgjene det kan ha for bompengeskapinga, og i verste fall for den fylkeskommunale garantien som er stilt til bompengeselskapet.

Fylkesrådmannen vil knyta fylgjande kommentarar til dei tilhøva som vert teke opp i brevet frå samferdselsdepartementet. Departementet si vurdering er at det med tilvising til *yrkestransportlova* og *lov om fri utveksling av tenesteytelse innan sjøtransport* skal særskilt mykje til for at ein kan avslå ein ruteløyvesøknad for persontransport på båt. Departementet si vurdering er at fylkeskommunen kan bli stevna for brot på EØS-avtalen gjeve at selskapet oppfyller yrkestransportlova sine krav til økonomisk evne og vandel. Økonomikravet er oppfylt når ein kan stilla ein garanti på kr 84.000 for fyrste fartøy og kr 47.000 per fartøy utover dette (frå 2018). I forhold til dei økonomiske pliktene som eit selskap pådreg seg ved å investera i to fartøy og starta opp eit nytt rutesamband frå grunnen av, med det kapitalbehovet som det fordrar, så er økonomikravet i yrkestransportlova bagatellmessig. Fylkesrådmannen har likevel merka seg fylgjande i departementet sitt brev:

«Etter yrkestransportlova § 13 (2) er det fylkeskommunen som fattar avgjerda om tildeling av løyve til rutetransport på samband innanfor fylket, og det er såleis fylket som må utføre den konkrete vurderinga av søknaden.»

Departementet syner og til veglova og retten for alle til å nytta offentleg veg. Vegen ned til Sunde ferjekai er fylkeskommunal og såleis open for alle. Kaien vert nytta til anløp av snøggbåtane som trafikerar i Sunnhordlandsbassenget og ferjekaien er beredskapskai. Oppstillingsplassen på ferjekaien vert fullt ut nytta til innfartsparkering for pendlarar med snøggbåten til Stord. Dette behovet vil vera der sjølv om det skulle bli etablert ei ferjerute til Jektevik. Ferjekaien sin oppstillingsplass er såleis ikkje egna til å ta imot køyretøy til ei ny ferjerute med mindre oppstillingsplassen vert utvida.

Havne- og farvannslova har bestemmelsar om retten til tilgong og bruk av hamner. Fartøy skal få tilgong til hamner i den grad plassen tillet det, og fartøyet(a) ikkje er til urimeleg fortrengsel for eigaren sin eigen bruk av hamna. I dette høve nyttar eigaren (fylkeskommunen) både Sunde ferjekai og Jektevik ferjekai til eige bruk og det er ikkje rom for å gje tilgong til ny aktør med mindre det vert gjort omfattande fysiske tiltak i hamneinfrastrukturen.

Ut frå brevet frå departementet ser det ut til at ein løyvesøklar i utgangspunktet har rett til å få ruteløyve så sant ein oppfyller løyvekrava i yrkestransportlova. Fylkesrådmannen tek likevel det atterhaldet at ein ville hatt betre dokumentasjon på at søkjaren har økonomiske ressursar til å drifta sambandet før ein eventuelt ville tildelt løyve. I tillegg til økonomiske ressursar krevst det tilgong til ferjekaiar og oppstillingsplassar. Det har ein ikkje i denne saka. Jektevik kai vert nytta til trekantsambandet Jektevik-Hodnanes-Nordhuglo. Jektevik har kun ein ferjelem, og det er ei dårleg løysing at to samband skal trafikera kaien slik den er i dag med ein ferjelem. Kapasiteten på oppstillingsplassen er dimensjonert for eitt samband, og dersom ein skulle opna for to samband måtte kapasiteten vore utvida. Sunde ferjekai er beredskapskai, og oppstillingsplassen

nyttar fylkeskommunen til innfartsparkering. Innfartsparkeringa på Sunde ferjekai er godt utnytta, og vil såleis ikkje la seg kombinera med eit fast ferjesamband. Både på Sunde og i Jektevik kan det vera mogeleg å utvida oppstillingsområda, men det føreligg ikkje planar for det i investeringsbudsjettet for fylkesvegane. Etter fylkesrådmannen si vurdering må dette vera på plass før det er aktuelt å tildela ruteløyve for ferjedrift på det omsøkte sambandet. Dersom operatøren sjølv vil ta kostnaden med å utvida oppstillingsareala, så er det ei sak som løysast for seg.

Fylkesrådmannen kan ut frå ovannemnde ikkje tilrå at søknaden om ruteløyve vert imøtekomen før operatøren har fått på plass utvida oppstillingsareal på ferjekaiane og eventuelt ny ferjelem på Jektevik.